



Notat

Dato: 25.11.2016
Arkivsak: 2016/3740-13
Saksbehandlar: larbirk

Til: Jan Nordø

Frå: Lars Øyvind Birkenes

Avgrensa høyring - Todeilselva kraftverk - Endra trasé, vegframføring og stasjonsplassering - Modalen kommune - Kulturminnefagleg fråsegn

Viser til brev frå NVE av 08.11.2016 med alternativ til det tidlegare omsøkte Todeilselva kraftverk. Viser også til Hordaland fylkeskommune si fråsegn 03.07.2016.

NVE har motteke nytt alternativ for Todeilselva kraftverk. Det opphavlege hovudalternativet er trekt.

Røyrgatetråséen vert trekt bort frå den gamle ferdslivegen mellom Farestveit og Flatkvål og plassert på austsida av Todeilselva og vil til ei viss grad nytte eksisterande skogsvegar. Sjølve stasjonen er flytt frå utløp av Ednabekken til utløp av Todeilselva.

Som påpeika i fråsegna av 03.07.2016 er Farestveit nemnt i Bergen kalvskinn på byrjinga av 1300-talet, så garden si soge går såleis langt attende i tid. Ein kan venta å gjera funn av automatisk freda kulturminne og andre verneverdige kulturminne i utmarksområda. Registreringar i utmark har dei seinare åra avdekkja ei rekke nye kulturminne knytt til bruk av ressursar med vekt på gardsdrift, jakt, fangst, jarnframstilling og steinbrot. Hordaland fylkeskommune vurderer området til å ha potensial for funn av automatisk freda kulturminne. Det må difor pårekna ei nærmere markundersøking for å få oppfylt undersøkingsplikta, jf. § 9 i kulturminnelova.

Fylkeskonservatorene vil i første omgang gjera ei synfaring for å vurdera om det er naudsynt med ei arkeologisk registrering i tiltaksområdet.